



Møteprotokoll for Alver kommunestyre

Møtedato: 25.11.2021
Møtestad: Helsehuset, møterom Nordhordland
Møtetid: 12:00 - 16:30

Kl. 12:00 Spørjetime

Frammøtte medlemmer	Parti	Rolle
Jon Askeland	SP	Medlem
Sara Hamre Sekkingstad	SP	Ordfører
Jostein Hellestveit	SP	Medlem
Liv Hopland van der Kooij	SP	Medlem
May-Irene Wergeland	SP	Medlem
Sølvi Gripsgård Knudsen	SP	Medlem
Vigdis Villanger	SP	Medlem
Laila Bjørge	SP	Medlem
Øyvind Oddekalv	AP	Varaordfører
Nina Bognøy	AP	Medlem
Ståle Juvik Hauge	AP	Medlem
Jostein Borlaug	AP	Medlem
Anne Grete Eide	AP	Medlem
Tormod Skurtveit	AP	Medlem
Astrid Aarhus Byrknes	KRF	Medlem
Stian Lavik	KRF	Medlem
Else Marie Skartveit Dale	KRF	Medlem
Asle Hetlebakke	KRF	Medlem
Jogeir Romarheim	KRF	Medlem
Anne Karin Angelskår Eknes	KRF	Medlem
Nils Marton Aadland	H	Medlem
Christel Villanger Håland	H	Medlem
Kenneth Taule Murberg	H	Medlem
Thomas Larsen	H	Medlem
Ingrid Fjeldsbø	H	Medlem
Mabel Johansen	H	Medlem
Morten Klementsens	UAVH	Medlem
Terje Sletten-Hansen	UAVH	Medlem
Yngve Walaker	UAVH	Medlem
Maria Færø	UAVH	Medlem
Heine Fyllingsnes	H	Medlem
Harald Breivik	UAVH	Medlem
Ståle Hopland	UAVH	Medlem
Nina Stabell Øvreås	FRP	Medlem
Øyvind Bratshaug	H	Medlem
Roy Bø	UAVH	Medlem

Leif Johnsen	MDG gjekk under handsaming av sak 140/21	Medlem
Sveinung Toff	V	Medlem
Hendrik Weber	R	Medlem

Forfall meldt frå medlem:	Parti	Rolle
Kirsti Gjetle Floen	AP	Medlem
Thore Helland	SP	Medlem
Hege Nygård Dale	UAVH	Medlem
Torbjørn Taranger	SV	Medlem
Andre Fresvik	SV	Medlem
Anita Bakken	MDG	Medlem

Frammøtte varamedlemmer:	Parti	Erstatter medlem
Astrid Namtvedt Sylta	AP	Kirsti Gjetle Floen
Olav Myhr	KRF	
Aasmund Karlsen	UAVH	Thore Helland
Kjell Ove Larsen	UAVH	
Anna Ulrika Nordlund	SV	Torbjørn Taranger
Marie Morken	SV	Andre Fresvik

Følgjande frå administrasjonen møte:

Anny Bastesen-kommunalsjef, Eirik Bouwer Utne-tenesteleiar, Hogne Haugsdal-kommunalsjef, Jan Ove Johansen-tenesteleiar, Kristin Moe-kommunalsjef, Leni Dale-kommunalsjef, Line Merete Valle-tenesteleiar, Martin W. Kulild-ass.rådmann, Siril Therese Sylta-tenesteleiar, Solveig Beate Elvik-rådgjevar, Tove-Mette Arnø Fyllingen-sekretær, Ørjan Raknes Forthun-rådmann

Sakliste

Saknr	Tittel
132/21	Godkjenning av innkalling og sakliste
133/21	Godkjenning av møteprotokoll
134/21	Melding/orientering frå kontrollutvalet
135/21	3 gongs handsaming - Detaljreguleringsplan for Manger sentrum aust. PlanID 12602018000300
136/21	KNARA – Hovudreinseanlegg Knarvik - Supplerande vurderingar
137/21	Tilleggsfinansiering prosjekt 34001 Nytt vassbehandlingsanlegg Hestdal
138/21	Framlegg til høyringsvar - forslag til ny opplæringslov og endringar i friskulelova
139/21	Retningslinjer for tildeling av tilskot til private barnehagar
140/21	Tilstandsrapport for skulane i Alver 2020/2021
141/21	Tilstandsrapport for Alver barnevernteneste 2021
142/21	Prioritering av søknader om spelemidlar 2022
143/21	Avvikle interkommunalt samarbeid ved Radøy interkommunale busenter
144/21	Høring - Oppfølging av forslagene fra Tvangslovutvalget
145/21	Søknad om å etablere vinmonopol på Lindås

- 146/21 Tildeling kommunal kompensasjonsordning for lokale verksemder hausten 2021
- 147/21 Utviding av IKT Nordhordland kommunalt oppgåvefelleskap
- 148/21 Melding/orientering til kommunestyret 25.11.2021
- 149/21 Spørsmål/interpellasjonar 25.11.2021

132/21: Godkjenning av innkalling og saksliste

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Innkalling og saksliste vert godkjent.

Alver kommunestyre 25.11.2021:

Handsaming:

Sak 141/21 vert utsett til neste møte i kommunestyret.
Ellers ingen merknader, samrøystes.

KO- 132/21 Vedtak:

Innkalling og saksliste er godkjent.

133/21: Godkjenning av møteprotokoll

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Møteprotokollen vert godkjent.

Alver kommunestyre 25.11.2021:

Handsaming:

Merknad, feil rekkefølge i saker, vert oppdatert.
Ellers ingen merknader, samrøyses

KO- 133/21 Vedtak:

Møteprotokollen er godkjent med merknad.

134/21: Melding/orientering frå kontrollutvalet

Kontrollutvalet sitt framlegg til vedtak:

Meldinga vert teke til orientering

Alver kommunestyre 25.11.2021:

Handsaming:

Kontrollutvalet sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

KO- 134/21 Vedtak:

Meldinga er teke til orientering

135/21: 3 gongs handsaming - Detaljreguleringsplan for Manger sentrum aust. PlanID 12602018000300

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

«Alver kommunestyre godkjenner framlegg til reguleringsplan for Manger sentrum aust, planID 12602018000300, som vist på plankart sist datert 15.9.2021 og med føresegner av revisjonsdato 15.9.2021. Vedtaket er gjort med heimel i plan- og bygningslovas § 12–12.»

Utval for areal, plan og miljø 10.11.2021:**Handsaming:**

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

APM- 158/21 innstilling:

«Alver kommunestyre godkjenner framlegg til reguleringsplan for Manger sentrum aust, planID 12602018000300, som vist på plankart sist datert 15.9.2021 og med føresegner av revisjonsdato 15.9.2021. Vedtaket er gjort med heimel i plan- og bygningslovas § 12–12.»

Alver kommunestyre 25.11.2021:**Handsaming:**

Innstilling frå utval for areal, plan og miljø vart samrøystes vedteke.

KO- 135/21 Vedtak:

«Alver kommunestyre godkjenner framlegg til reguleringsplan for Manger sentrum aust, planID 12602018000300, som vist på plankart sist datert 15.9.2021 og med føresegner av revisjonsdato 15.9.2021. Vedtaket er gjort med heimel i plan- og bygningslovas § 12–12.»

136/21: KNARA – Hovudreinseanlegg Knarvik - Supplerande vurderingar**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Kommunestyret vedtek plassering av nytt hovudreinseanlegg ved Øvre Kvassneset i Knarvik.

Utval for næringutvikling og drift 10.11.2021:**Handsaming:**

Utvalsleiar Stian Lavik-KRF sette fram følgjande alternative framlegg:

Utvalet tek saka til orientering.

Rådmannen sitt framlegg fekk 0 røyster og fall.

Utvalsleiaren sitt framlegg fekk 7 røyster og vart samrøystes vedteke.

ND- 128/21 uttale:

Utvalet tek saka til orientering.

Alver formannskap 11.11.2021:**Handsaming:**

Rådmannen sitt framlegg fekk ingen røyster og fall.

Framlegg frå L.Johnsen-MDG:

Nedre Kvassnesstemma.

Framlegget fekk 1 røyst og fall (L.Johnsen-MDG)

Framlegg frå M.Klementsens-uavh.:

Kloakkrenseanlegget blir lagt i fjell med sekundær-rensing. Ressipient er da ikke så viktig, og anlegget plasseres i Gjervik/Mundalsberget.

Dette er en god langsiktig løsning for Bygdebyen Knarvik.

Framleggt fekk 3 røyster og fall (M.Klementsens-uavh., T.Sletten-Hansen-uavh. og M.Færø-uavh.)

Framlegg frå Sp, Ap, KrF og H ved T.Larsen-H:

Kommunestyret vedtek plassering av nytt hovudreinseanlegg ved Hagelsundet sør for austre brufeste.

I forbindelse med reguleringa ber kommunestyret rådmann utgreie alternative løysingar til tunnell som bla sjøledning.

Framlegget vart vedteke med 9 røyster mot 4 (L.Johnsen-MDG, M.Klementsens-uavh., T.Sletten-Hansen-uavh. og M.Færø-uavh.)

FO- 099/21 innstilling:

Kommunestyret vedtek plassering av nytt hovudreinseanlegg ved Hagelsundet sør for austre brufeste.

I forbindelse med reguleringa ber kommunestyret rådmann utgreie alternative løysingar til tunnell som bla sjøledning.

Alver kommunestyre 25.11.2021:

Handsaming:

Innstillinga frå formannskapet vart vedteke med 31 røyster mot 14 (R.Bø-uavh., M.Klementsens-uavh., M.Morken-SV, L.Johnsen-MDG, S.Toft-V, T.Sletten-Hansen-uavh., H.Weber-R, Y.Walaker-uavh., S.Hopland-uavh., A.Nordlund-SV, K.O.Larsen-uavh., H.Breivik-uavh., M.Færø-uavh. og Aa.Karlsen-uavh.)

Framlegg frå Krf, SP, Ap og H ved A.Aa.Byrknes-Krf:

Tillegg til innstillinga frå formannskapet:

-Det skal utarbeidast ein detaljert plan som beskriver tekniske løysingar og kostnader for omlegging av eksisterande og nye avløpsleidningar, med kostnadsoverslag-innan 1. halvår 2022.

-Kommunestyret ber om at saka kjem attende til Formannskap og Kommunestyret når kostnadsoverslaga er gjort.

Framlegget vart vedteke med 36 røyster, mot 9 (M.Klementsens-uavh., S.Hopland-uavh., L.Johnsen-MDG, T.Sletten-Hansen-uavh., H.Weber-R, H.Breivik-uavh., Aa.Karlsen-uavh., M.Færø-uavh.og K.O.Larsen-uavh.)

Framlegg frå M.Klementsens-Uavh.:

Alver kommune bygger sekundær-kloakkrenseanlegg i fjell fra starten av. Plassering bør skje i utkanten av den kommende byen Knarvik. Det er få byområder i dag som bygger slike kloakkrenseanlegg uten å plassere disse i fjell. Dette for å sikre innbyggerne mot lukt/lyd/lys-forurensing, samt for å imøtekomme Statlige fremtidige krav.

Framlegget fekk 8 røyster og fall (M.Klementsens-uavh., S.Hopland-uavh., Y.Walaker-uavh., M.Færø-uavh., H.Breivik-uavh., T.Sletten-Hansen-uavh., K.O.Larsen-uavh. og Aa.Karlsen-uavh.)

Famlegg frå A.U.Nordlund-Sv:

SV foreslår å bruke den anbefalte løsningen, fra Norconsult. Den er 150 millioner billigere og er vurdert som det beste alternativet.

Framlegget fekk 6 røyster og fall (A.Nordlund-SV, M.Morken-SV, L.Johnsen-MDG, H.Weber-R, S.Toft-V og K.O.Larsen-uavh.)

KO- 136/21 Vedtak:

Kommunestyret vedtek plassering av nytt hovudreinseanlegg ved Hagelsundet sør for austre brufeste.

I forbindelse med reguleringa ber kommunestyret rådmann utgreie alternative løysingar til tunnell som bla sjøledning.

-Det skal utarbeidast ein detaljert plan som beskriver tekniske løysingar og kostnader for omlegging av eksisterande og nye avløpsleidningar, med kostnadsoverslag-innan 1. halvår

2022.

-Kommunestyret ber om at saka kjem attende til Formannskap og Kommunestyret når kostnadsoverslaga er gjort.

137/21: Tilleggsfinansiering prosjekt 34001 Nytt vassbehandlingsanlegg Hestdal Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

«Kommunestyret godkjenner ein auke i prosjektet "34001 Nytt vassbehandlingsanlegg på Hestdal" på 4 900 000 kr. Totalramma for prosjektet vert auka frå 85,4 mill til 90, 3 mill.

Kommunestyret godkjenner nytt budsjett for 2021 fordelt slik:

Vatn: 3 000 000 kr

Avlaup: 1 900 000 kr.

Totalramma for vatn 2021 auker frå 29,7 mill til 32,7 mill

Totalramma for avløp 2021 auker frå 2, 64 mill til 4,54 mill

Auken i prosjektkostnad i 2021 på kr 4 900 000 vert finansiert av auke i bruk av tidligare ubrukte lånemidler.

Alver formannskap 11.11.2021:

Handsaming:

Rådmannen sitt framlegg vart vedteke med 10 røyster, mot 3 (M.Klementsens-uavh., T.Sletten-Hansen-uavh. og M.Færø-uavh.)

FO- 100/21 innstilling:

«Kommunestyret godkjenner ein auke i prosjektet "34001 Nytt vassbehandlingsanlegg på Hestdal" på 4 900 000 kr. Totalramma for prosjektet vert auka frå 85,4 mill til 90, 3 mill.

Kommunestyret godkjenner nytt budsjett for 2021 fordelt slik:

Vatn: 3 000 000 kr

Avlaup: 1 900 000 kr.

Totalramma for vatn 2021 auker frå 29,7 mill til 32,7 mill

Totalramma for avløp 2021 auker frå 2, 64 mill til 4,54 mill

Auken i prosjektkostnad i 2021 på kr 4 900 000 vert finansiert av auke i bruk av tidligare ubrukte lånemidler.

Alver kommunestyre 25.11.2021:

Handsaming:

Tilleggsframlegg frå Sp, AP, KrF og H ved Ø.Oddekalv-Ap:

I investeringsprosjekt der det blir bede om tilleggsfinansiering skal rådmannen i saksframlegget til formannskap/kommunestyret legge fram ei tidslinje som opplyser om følgande:

Kostnadsramme/løyving for prosjektet då kommunestyret vedtok oppstart.

Tilleggsøyvingar undervegs i prosjektet, når og kva beløp.

Samla avvik frå første kostnadsramme/løyving og fram til no.

Kommunestyret vil gjennomføre ein forvaltningsrevisjon av prosjekt 34001 Nytt vassbehandlingsanlegg Hestdal når prosjektet er avslutta og prosjektrekneskapen er levert.

Framlegget vart vedteke mot 1 røyst (K.O.Larsen-uavh.)

Innstillinga frå formannskapet vart vedteke med 37 røyster, mot 8 (Y.Walaker-uavh., S.Hopland-uavh., M.Klementsens-uavh., H.Breivik-uavh., M.Færø-uavh., K.O.Larsen-uavh., Aa.Karlsen-uavh. og T.Sletten-Hansen-uavh.)

KO- 137/21 Vedtak:

«Kommunestyret godkjenner ein auke i prosjektet "34001 Nytt vassbehandlingsanlegg på Hestdal" på 4 900 000 kr. Totalramma for prosjektet vert auka frå 85,4 mill til 90, 3 mill.

Kommunestyret godkjenner nytt budsjett for 2021 fordelt slik:

Vatn: 3 000 000 kr

Avlaup: 1 900 000 kr.

Totalramma for vatn 2021 auker frå 29,7 mill til 32,7 mill

Totalramma for avløp 2021 auker frå 2, 64 mill til 4,54 mill

Auken i prosjektkostnad i 2021 på kr 4 900 000 vert finansiert av auke i bruk av tidligare ubrukte lånemidler.

I investeringsprosjekt der det blir bede om tilleggsfinansiering skal rådmannen i saksframlegget til formannskap/kommunestyret legge fram ei tidslinje som opplyser om følgende:

- Kostnadsramme/løyving for prosjektet då kommunestyret vedtok oppstart.
- Tilleggslyvningar undervegs i prosjektet, når og kva beløp.
- Samla avvik frå første kostnadsramme/løyving og fram til no.

Kommunestyret vil gjennomføre ein forvaltningsrevisjon av prosjekt 34001 Nytt vassbehandlingsanlegg Hestdal når prosjektet er avslutta og prosjektrekneskapen er levert.

**138/21: Framlegg til høyringsvar - forslag til ny opplæringslov og endringar i friskulelova
Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Alver kommune sender inn høyringsvar i samsvar med Rådmannen sitt framlegg.

Utval for oppvekst, kunnskap og kultur 09.11.2021:**Handsaming:**

Orientering til saka v/Solveig Beate Elvik-rådgjevar Oppvekst stab

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

OKK- 070/21 innstilling:

Alver kommune sender inn høyringsvar i samsvar med Rådmannen sitt framlegg.

Alver kommunestyre 25.11.2021:**Handsaming:**

Innstilinga frå utval for oppvekst, kunnskap og kultur vart samrøystes vedteke.

KO- 138/21 Vedtak:

Alver kommune sender inn høyringsvar i samsvar med Rådmannen sitt framlegg.

139/21: Retningsliner for tildeling av tilskot til private barnehagar**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Alver kommune følgjer Forskrift om tildeling av tilskudd til private barnehager ved tildeling av tilskot til private barnehagar.

Utval for oppvekst, kunnskap og kultur 09.11.2021:**Handsaming:**

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

OKK- 068/21 uttale:

Alver kommune følgjer Forskrift om tildeling av tilskudd til private barnehager ved tildeling av tilskot til private barnehagar.

Alver formannskap 11.11.2021:**Handsaming:**

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

FO- 097/21 innstilling:

Alver kommune følgjer *Forskrift om tildeling av tilskudd til private barnehager* ved tildeling av tilskot til private barnehagar.

Alver kommunestyre 25.11.2021:**Handsaming:**

Astrid N.Sylta-AP stilte spmørsmål om habilitet som sakshandsamar i denne saka.

Kommunestyret gjorde samrøystes vedtak om at A. Sylta er inhabil i saka.

Innstillinga frå formannskapet vart samrøystes vedteke

KO- 139/21 Vedtak:

Alver kommune følgjer *Forskrift om tildeling av tilskudd til private barnehager* ved tildeling av tilskot til private barnehagar.

140/21: Tilstandsrapport for skulane i Alver 2020/2021**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Tilstandsrapport for skulane i Alver 2020-2021 vert tatt til orientering.

Ungdomsråd 08.11.2021:**Handsaming:**

Orientering i saka v/Robert Lorang Hansen

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke

UR- 049/21 uttale:

Tilstandsrapport for skulane i Alver 2020-2021 vert tatt til orientering.

Utval for oppvekst, kunnskap og kultur 09.11.2021:**Handsaming:**

Orientering til saka v/Kristin Moe-kommunalsjef Oppvekst

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

OKK- 072/21 innstilling:

Tilstandsrapport for skulane i Alver 2020-2021 vert tatt til orientering.

Alver kommunestyre 25.11.2021:**Handsaming:****Framlegg frå J.Askeland-Sp:**

Alver kommune ynskjer å vera ein aktiv skuleeigar, og har drøfta Tilstandsrapport for skulane 2020-2021 i tråd med kravet i Opplæringslova.

Kommunestyret støttar utfordringsbiletet i Tilstandsrapporten, og at dette vert lagt til grunn i det vidare arbeidet.

Framlegget vart samrøystes vedteke.

KO- 140/21 Vedtak:

Alver kommune ynskjer å vera ein aktiv skuleeigar, og har drøfta Tilstandsrapport for skulane

2020-2021 i tråd med kravet i Opplæringslova.

Kommunestyret støttar utfordringsbiletet i Tilstandsrapporten, og at dette vert lagt til grunn i det vidare arbeidet.

141/21: Tilstandsrapport for Alver barnevernteneste 2021

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Tilstandsrapport for Alver barnevernteneste 2021 vert tatt til orientering.

Handsaming:

Orientering til saka v/Sissel Frotjold-tenesteleiar Barnevern

Tilstandsrapport for Alver barnevernteneste 2021 vert tatt til orientering, samrøystes.

OKK- 069/21 innstilling:

Tilstandsrapport for Alver barnevernteneste 2021 vert tatt til orientering.

Alver kommunestyre 25.11.2021:

Handsaming:

Saka er utsatt til neste møte.

KO- 141/21 Vedtak:

Saka er utsatt til neste møte.

142/21: Prioritering av søknader om spelemidler 2022

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Alver kommunestyre godkjenner prioritering av søknader om spelemidler 2022 slik det ligg føre i saka.

Utval for oppvekst, kunnskap og kultur 09.11.2021:

Handsaming:

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

OKK- 066/21 innstilling:

Alver kommunestyre godkjenner prioritering av søknader om spelemidler 2022 slik det ligg føre i saka.

Alver kommunestyre 25.11.2021:

Handsaming:

Innstillinga frå utval for oppvekst, kunnskap og kultur vart samrøystes vedteke.

KO- 142/21 Vedtak:

Alver kommunestyre godkjenner prioritering av søknader om spelemidler 2022 slik det ligg føre i saka.

143/21: Avvikle interkommunalt samarbeid ved Radøy interkommunale busenter

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

- A. Interkommunalt samarbeid ved Radøy interkommunale busenter vert avvikla og avtalen vert sagt opp innan 31.12.21
- B. Organisering av noverande institusjonstilbod til personar busett i Alver vert avvikla og nytt butilbod vert endra til heildøgnsbemanna omsorgsbustad pluss (bufellesskap) når ny lokasjon er klar. I oppseiingstida vert det arbeidd med å etablere lokasjon for framtidig drift.
- C. Rådmannen vil komme attende til kommunestyret med sak om val av lokasjon

Råd for menneske med nedsett funksjonsevne 08.11.2021:

Handsaming:

Orientering ved tenesteleiar psykisk helse og rus, Vibeke Erstad
Rådmannen sitt framlegg fekk 4 røyster og vart vedteke med leiar sin dobbeltrøyst (Magne Bjørndal, Jan Arild Lindaas, Reidar Knutsen og Svein Arne Vabø), 4 røysta mot (Sølvi Knudsen, Else Marie Dale, Jannicke Helland og Liv Erstad)

RMNF- 046/21 uttale:

- A. Interkommunalt samarbeid ved Radøy interkommunale busenter vert avvikla og avtalen vert sagt opp innan 31.12.21
- B. Organisering av noverande institusjonstilbod til personar busett i Alver vert avvikla og nytt butilbod vert endra til heildøgnsbemanna omsorgsbustad pluss (bufellesskap) når ny lokasjon er klar. I oppseiingstida vert det arbeidd med å etablere lokasjon for framtidig drift.
- C. Rådmannen vil komme attende til kommunestyret med sak om val av lokasjon

Utval for helse og omsorg 09.11.2021:

Handsaming:

Kirsti Gjetle Floen-AP er tilsett ved Radøy Interkommunale busenter. Ho informerte om at kommuneadvokaten har konkludert med at ho er inhabil i denne saka etter Forvaltningsloven § 6, 2. ledd. Ho fråttredde møtet då utvalet vurderte spørsmålet om habilitet. Utvalet erklærte Gjetle Floen inhabil, og ho deltok difor ikkje i handsaminga av saka. Pål Inge Fosse Hopland-AP tok hennar plass i utvalet i denne saka.

Vibeke Angelskår Erstad- tenesteleiar Psykisk helse og rus orienterte i saka og svara på spørsmål.

Etter eit gruppemøte sette utvalsleiar Ståle J. Hauge-AP på vegne av AP, SP og KRF fram følgjande endringsframlegg:

A. Interkommunalt samarbeid ved Radøy interkommunale busenter vert avvikla og avtalen vert sagt opp innan 31.12.21.

B. Organisering av noverande institusjonstilbod til personar busett ved RIB vert avvikla og nytt butilbod vert endra til heildøgnsbemanna omsorgsbustad pluss (bufellesskap) når lokasjon er klar. Ved avvikling av RIB må ein sikre brukarane av RIB som er frå Alver kommune eit likeverdig tenestetilbod. Dagens brukarar av RIB som er heimehøyrande i andre kommunar skal verta tilbydd å kjøpa vidare tenesteleveranse frå Alver kommune i det nye bufellesskapet. I oppseiingstida vert det arbeidd med å etablere lokasjon for framtidig drift.

C. Rådmannen må komme attende til kommunestyret med sak om val av lokasjon, eventuell renovering av lokala til RIB eller ny lokasjon sentralt på Manger.

D. HO ber om ei orientering om korleis brukarmedverknad vert sikra i prosessen.

Rådmannen sitt framlegg fekk 0 røyster og fall.

Framlegg sett fram i møtet fekk 7 røyster og vart samrøystes vedteke.

HO- 033/21 uttale:

A. Interkommunalt samarbeid ved Radøy interkommunale busenter vert avvikla og avtalen vert sagt opp innan 31.12.21.

B. Organisering av noverande institusjonstilbod til personar busett ved RIB vert avvikla og nytt butilbod vert endra til heildøgnsbemanna omsorgsbustad pluss (bufellesskap) når lokasjon er

klar. Ved avvikling av RIB må ein sikre brukarane av RIB som er frå Alver kommune eit likeverdig tenestetilbod. Dagens brukarar av RIB som er heimehøyrande i andre kommunar skal verta tilbydd å kjøpa vidare tenesteleveranse frå Alver kommune i det nye bufellesskapet. I oppseiingstida vert det arbeidd med å etablere lokasjon for framtidig drift.

C. Rådmannen må komme attende til kommunestyret med sak om val av lokasjon, eventuell renovering av lokala til RIB eller ny lokasjon sentralt på Manger.

D. HO ber om ei orientering om korleis brukarmedverknad vert sikra i prosessen.

Alver formannskap 11.11.2021:

Handsaming:

Framlegg frå Sp, AP, KrF og H ved Ø.Oddekalv:

A. Interkommunalt samarbeid ved Radøy interkommunale busenter vert avvikla og avtalen vert sagt opp innan 31.12.21

B. Organisering av noverande institusjonstilbod til personar busett ved RIB vert avvikla og nytt butilbod vert endra til heildøgnsbemanna omsorgsbustad pluss (bufellesskap) når lokasjon er klar. Ved avvikling av RIB må ein sikre brukarane av RIB som er frå Alver kommune eit likeverdig tenestetilbod. Dagens brukarar av RIB som er heimehøyrande i andre kommunar skal verta tilbydd vidare tenesteleveranse frå Alver kommune i det ny bufellesskapet. I oppseiingstida vert det arbeidd med å etablere lokasjon for framtidig drift.

C. Rådmannen må komme attende til kommunestyret med sak om val av lokasjon , eventuell renovering av lokala til RIB eller ny lokasjon sentralt på Manger.

D. Kommunestyret ber om at utval for helse og omsorg får ei orientering om korleis brukarmedverknad vert sikra i prosessen.

Framlegget vart samrøystes vedteke.

FO- 098/21 innstilling:

A. Interkommunalt samarbeid ved Radøy interkommunale busenter vert avvikla og avtalen vert sagt opp innan 31.12.21

B. Organisering av noverande institusjonstilbod til personar busett ved RIB vert avvikla og nytt butilbod vert endra til heildøgnsbemanna omsorgsbustad pluss (bufellesskap) når lokasjon er klar. Ved avvikling av RIB må ein sikre brukarane av RIB som er frå Alver kommune eit likeverdig tenestetilbod. Dagens brukarar av RIB som er heimehøyrande i andre kommunar skal verta tilbydd vidare tenesteleveranse frå Alver kommune i det ny bufellesskapet. I oppseiingstida vert det arbeidd med å etablere lokasjon for framtidig drift.

C. Rådmannen må komme attende til kommunestyret med sak om val av lokasjon , eventuell renovering av lokala til RIB eller ny lokasjon sentralt på Manger.

D. Kommunestyret ber om at utval for helse og omsorg får ei orientering om korleis brukarmedverknad vert sikra i prosessen.

Alver kommunestyre 25.11.2021:

Handsaming:

Roy Bø-uavh. stilte spørsmål ved sin habilitet då ektefelle har vore/er tilsett ved busenteret. Kommunestyret gjorde samrøystes vedtak om at Roy Bø er habil i denne saka.

Innstillinga frå formannskapet vart samrøystes vedteke

KO- 143/21 Vedtak:

A. Interkommunalt samarbeid ved Radøy interkommunale busenter vert avvikla og avtalen vert sagt opp innan 31.12.21

B. Organisering av noverande institusjonstilbod til personar busett ved RIB vert avvikla og nytt butillbod vert endra til heildøgnsbemanna omsorgsbustad pluss (bufellesskap) når lokasjon er klar. Ved avvikling av RIB må ein sikre brukarane av RIB som er frå Alver kommune eit likeverdig tenestetilbod. Dagens brukarar av RIB som er heimehøyrande i andre kommunar skal verta tilbydd vidare tenesteleveranse frå Alver kommune i det ny bufellesskapet. I oppseiingstida vert det arbeidd med å etablere lokasjon for framtidig drift.

C. Rådmannen må komme attende til kommunestyret med sak om val av lokasjon , eventuell renovering av lokala til RIB eller ny lokasjon sentralt på Manger.

D. Kommunestyret ber om at utval for helse og omsorg får ei orientering om korleis brukarmedverknad vert sikra i prosessen.

**144/21: Høring - Oppfølging av forslagene fra Tvangslovutvalget
Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Alver kommune støtter KS sin høyringsuttale dat.14.10.2021

Alver kommunestyre 28.10.2021:

Handsaming:

Framlegg frå J.Hellestveit-SP:

Saka vert utsett.

Framlegget vart samrøystes vedteke.

KO- 126/21 Vedtak:

Saka er utsett.

Eldreråd 08.11.2021:

Handsaming

Eldrerådet fekk 5. november tilsendt på e-post notat frå rådmannen knytt til høyringssvar til oppfølging av forslag frå Tvangslovutvalet. Notatet vart lagt ved saka.

Eldrerådet slutta seg samrøystes til rådmannen sitt framlegg til vedtak og rådmannen sitt notat, med støtte til KS sitt høyringssvar til oppfølging av forslag frå Tvangslovutvalet.

ER- 045/21 uttale:

Eldrerådet sluttar seg til rådmannen sitt framlegg til vedtak og rådmannen sitt notat, med støtte til KS sitt høyringssvar til oppfølging av forslag frå Tvangslovutvalet.

Råd for menneske med nedsett funksjonsevne 08.11.2021:

Behandling:

Framlegg frå Reidar Knutsen:

Rådet meiner kommunen bør støtta høyringsuttalen frå m.a. FFO, SAFO og fleire arbeidstakarorganisasjonar. Her går ein inn for at arbeidet med eit felles tvangslovverk for helsesektoren vert lagt på is, til dess CRPD er inkorporert i menneskerettslova. (jf <http://www.nfunorge.org/Om-NFU/NFU-bloggen/legg-planene-om-nytt-tvangslovverk-pa-is/>)

Felles uttalelse til «Høyringsnotat om oppfølging av forslagene fra Tvangslovutvalget» fra en sammenslutning av arbeidstaker- og interesseorganisasjoner

Undertegnede organisasjoner mener arbeidet med et felles tvangslovverk for helsesektoren må legges på is inntil CRPD er inkorporert i Menneskerettsloven.

Vi viste i vårt hørings svar av 2. desember 2019 til tre hensyn vi mente lovforslaget ikke svarte på: å få regelverket i tråd med menneskerettighetene/ FNs konvensjon om rettighetene til personer med nedsatt funksjonsevne (CRPD), utfordringen med omfattende tvangsbruk og behovet for forenkling og samordning av regelverket.

Vi kan ikke se at departementet i sine kommentarer og forslag har svart på disse hensynene.

Høringsnotatet bærer preg av politiske føringer fra Granavolden-plattformen hvor regjeringen den 17. januar 2019 forpliktet seg til å «Foreta en revisjon av alle tvangshjemler, basert på anbefalingene fra Tvangslovutvalget». Tvangslovutvalget kom med sitt forslag et halvår etter Granavolden-plattformen, og utvalget har i sin utredning ikke lagt CRPD til grunn for lovforslaget. Når det var politisk bestemt at en skulle bygge videre på forslaget, kan dette forklare hvorfor departementet relativt ukritisk bygger videre på Tvangslovutvalgets forslag.

Hurdalsplattformen slår fast at FN-konvensjonen om rettighetene til mennesker med nedsatt funksjonsevne (CRPD) skal inkorporeres i norsk lov. CRPD artikkel 1, 3, 5, 12, 13, 14, 15, 17, 19, 22, 23 og 25 er sentrale for hvordan tvangsbruk i helsesektoren skal reguleres. En kommende inkorporering av CRPD vil gi føringer både med hensyn til fremtidig tvangslovgivning, utviklingen av beslutningsstøttesystemer og endringer i vergemålsloven.

CRPD legger til grunn den sosiale og rettighetsbaserte modellen i forståelsen av funksjonshemming. I motsetning til den medisinske modellen hvor funksjonshemming forstås som feil og mangler med individet, forstår den sosiale modellen samfunnets utforming som årsak. Tilsvarende vektlegging av den sosiale og rettighetsbaserte modellen finner vi i veilederen som Verdens Helseorganisasjon utga 9 juni i år om utforming av tilbud innen psykisk helse, *Guidance on community mental health services*, hvor man vektlegger en personsentrert og rettighetsbasert tilnærming. Veiledningen er en del av WHO's QualityRights initiativ, som har et omfattende materiale med konkret og praktisk veiledning om CRPDs betydning for psykiske helsetjenester, og hvordan man kan utvikle tjenester og rammeverk som er i tråd med CRPD.

Forslaget til ny tvangslov bygger på den medisinske modellen og er derfor ikke egnet til å oppfylle rettighetene nedfelt i CRPD.

Det er nødvendig først å etablere rammene for fremtidig lovgivning på dette feltet før en går videre med en større lovreform.

Organisasjonene mener et felles lovverk må utvikles med utgangspunkt i CRPD, så vi kan få et lovverk godt rustet for fremtiden i tråd med menneskerettighetene. Vi mener tvangslovutvalgets utredning og departementets kommentarer til denne ikke er et godt nok utgangspunkt for å få til dette.

Framlegget vart samrøystes vedteke.

RMNF- 047/21 uttale:

En sammenslutning av arbeidstaker- og interesseorganisasjoner ber Helse- og omsorgsdepartementet om å legge arbeidet med ny tvangslov på is.

Felles uttalelse til «Høringsnotat om oppfølging av forslagene fra Tvangslovutvalget» fra en sammenslutning av arbeidstaker- og interesseorganisasjoner

Undertegnede organisasjoner mener arbeidet med et felles tvangslovverk for helsesektoren må legges på is inntil CRPD er inkorporert i Menneskerettsloven.

Vi viste i vårt hørings svar av 2. desember 2019 til tre hensyn vi mente lovforslaget ikke svarte på: å få regelverket i tråd med menneskerettighetene/ FNs konvensjon om rettighetene til personer med nedsatt funksjonsevne (CRPD), utfordringen med omfattende tvangsbruk og

behovet for forenkling og samordning av regelverket.

Vi kan ikke se at departementet i sine kommentarer og forslag har svart på disse hensynene.

Høringsnotatet bærer preg av politiske føringer fra Granavolden-plattformen hvor regjeringen den 17. januar 2019 forpliktet seg til å «Foreta en revisjon av alle tvangshjemler, basert på anbefalingene fra Tvangslovutvalget». Tvangslovutvalget kom med sitt forslag et halvår etter Granavolden-plattformen, og utvalget har i sin utredning ikke lagt CRPD til grunn for lovforslaget. Når det var politisk bestemt at en skulle bygge videre på forslaget, kan dette forklare hvorfor departementet relativt ukritisk bygger videre på Tvangslovutvalgets forslag.

Hurdalsplattformen slår fast at FN-konvensjonen om rettighetene til mennesker med nedsatt funksjonsevne (CRPD) skal inkorporeres i norsk lov. CRPD artikkel 1, 3, 5, 12, 13, 14, 15, 17, 19, 22, 23 og 25 er sentrale for hvordan tvangsbruk i helsesektoren skal reguleres. En kommende inkorporering av CRPD vil gi føringer både med hensyn til fremtidig tvangslovgivning, utviklingen av beslutningsstøttesystemer og endringer i vergemålsloven.

CRPD legger til grunn den sosiale og rettighetsbaserte modellen i forståelsen av funksjonshemming. I motsetning til den medisinske modellen hvor funksjonshemming forstås som feil og mangler med individet, forstår den sosiale modellen samfunnets utforming som årsak. Tilsvarende vektlegging av den sosiale og rettighetsbaserte modellen finner vi i veilederen som Verdens Helseorganisasjon utga 9 juni i år om utforming av tilbud innen psykisk helse, Guidance on community mental health services, hvor man vektlegger en personsentrert og rettighetsbasert tilnærming. Veiledningen er en del av WHO's QualityRights initiativ, som har et omfattende materiale med konkret og praktisk veiledning om CRPDs betydning for psykiske helsetjenester, og hvordan man kan utvikle tjenester og rammeverk som er i tråd med CRPD.

Forslaget til ny tvangslov bygger på den medisinske modellen og er derfor ikke egnet til å oppfylle rettighetene nedfelt i CRPD.

Det er nødvendig først å etablere rammene for fremtidig lovgivning på dette feltet før en går videre med en større lovreform.

Organisasjonene mener et felles lovverk må utvikles med utgangspunkt i CRPD, så vi kan få et lovverk godt rustet for fremtiden i tråd med menneskerettighetene. Vi mener tvangslovutvalgets utredning og departementets kommentarer til denne ikke er et godt nok utgangspunkt for å få til dette.

Utval for helse og omsorg 09.11.2021:

Handsaming:

Utvalsleiaren sette fram følgjande felles endringsframlegg:

HO meiner kommunen bør støtta høyringsuttalen frå m.a. FFO, SAFO og fleire arbeidstakarorganisasjonar. Her går ein inn for at arbeidet med eit felles tvangslovverk for helsesektoren vert lagt på is til dess CRPD er inkorporert i menneskerettslova. (jf

<http://www.nfunorge.org/Om-NFU/NFU-bloggen/legg-planene-om-nytt-tvangslovverk-pa-is/>

Fellesframlegget vart sett opp mot rådmannen sitt framlegg til vedtak.

Rådmannen sitt framlegg fekk 0 røyster og fall.

Fellesframlegg sett fram i møte fekk 7 røyster og vart samrøystes vedteke.

HO- 032/21 innstilling:

HO meiner kommunen bør støtta høyringsuttalen frå m.a. FFO, SAFO og fleire arbeidstakarorganisasjonar. Her går ein inn for at arbeidet med eit felles tvangslovverk for helsesektoren vert lagt på is til dess CRPD er inkorporert i menneskerettslova. (jf

<http://www.nfunorge.org/Om-NFU/NFU-bloggen/legg-planene-om-nytt-tvangslovverk-pa-is/>

Alver kommunestyre 25.11.2021:**Handsaming:**

Innstillinga frå utval for helse og omsorg med endring i første setning frå "utval for helse og omsorg meiner at" til Alver kommune støttar vart samrøystes vedteke

KO- 144/21 Vedtak:

Alver kommune støttar høyringsuttalen frå m.a. FFO, SAFO og fleire arbeidstakarorganisasjonar. Her går ein inn for at arbeidet med eit felles tvangslovverk for helsesektoren vert lagt på is til dess CRPD er inkorporert i menneskerettslova. (jf <http://www.nfunorge.org/Om-NFU/NFU-bloggen/legg-planene-om-nytt-tvangslovverk-pa-is/>)

145/21: Søknad om å etablere vinmonopol på Lindås**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Alver kommune sender ein førespurnad til AS Vinmonopolet om etablering av vinmonopol på Lindås.

Utval for helse og omsorg 09.11.2021:**Handsaming:**

Utval for helse og omsorg sluttar seg samrøystes til rådmannen sitt framlegg til vedtak.

HO- 034/21 uttale:

Alver kommune sender ein førespurnad til AS Vinmonopolet om etablering av vinmonopol på Lindås.

Alver formannskap 11.11.2021:**Handsaming:**

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

FO- 101/21 innstilling:

Alver kommune sender ein førespurnad til AS Vinmonopolet om etablering av vinmonopol på Lindås.

Alver kommunestyre 25.11.2021:**Handsaming:**

Innstillinga frå formannskapet vart samrøystes vedteke

KO- 145/21 Vedtak:

Alver kommune sender ein førespurnad til AS Vinmonopolet om etablering av vinmonopol på Lindås.

146/21: Tildeling kommunal kompensasjonsordning for lokale verksemder hausten 2021**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Alver kommune tildeler midlar frå kommunal kompensasjonsordning etter ei lik prosentvis fordeling ut frå søkesum, med eit øvre tak på kr. 350.000,-. Tildelt sum per søkjar går fram av saksframlegget.

Utval for næringutvikling og drift 10.11.2021:**Handsaming:**

Utvalet påpeikte at administrasjonen må kvalitetssikra tallmaterialet og storleik på tildelingane.

Utvalet slutta seg samrøystes til rådmannen sitt framlegg til vedtak.

ND- 112/21 innstilling:

Alver kommune tildeler midlar frå kommunal kompensasjonsordning etter ei lik prosentvis fordeling ut frå søkesum, med eit øvre tak på kr. 350.000,-. Tildelt sum per søkjar går fram av

saksframlegget.

Alver kommunestyre 25.11.2021:

Handsaming:

Innstilling frå utval for næringsutvikling og drift, med endring i siste setning frå "..... går fram av saksframlegg" til "..... går fram av vedlegg" vart samrøystes vedteke.

KO- 146/21 Vedtak:

Alver kommune tildeler midlar frå kommunal kompensasjonsordning etter ei lik prosentvis fordeling ut frå søkesum, med eit øvre tak på kr. 350.000,-. Tildelt sum per søkjar går fram av vedlegg

147/21: Utviding av IKT Nordhordland kommunalt oppgåvefelleskap

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

1. Alver kommune vedtar at **IKT Nordhordland kommunalt oppgåvefelleskap** vert utvida med Aurland kommune.
2. Alver kommune vedtar samarbeidsavtalen for **IKT Nordhordland kommunalt oppgåvefelleskap** slik den ligg føre.

Alver formannskap 11.11.2021:

Hnadsaming:

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke

FO- 102/21 innstilling:

1. Alver kommune vedtar at **IKT Nordhordland kommunalt oppgåvefelleskap** vert utvida med Aurland kommune.
2. Alver kommune vedtar samarbeidsavtalen for **IKT Nordhordland kommunalt oppgåvefelleskap** slik den ligg føre.

Alver kommunestyre 25.11.2021:

Handsaming:

Innstillinga frå formannskapet vart samrøystes vedteke.

KO- 147/21 Vedtak:

1. Alver kommune vedtar at **IKT Nordhordland kommunalt oppgåvefelleskap** vert utvida med Aurland kommune.
2. Alver kommune vedtar samarbeidsavtalen for **IKT Nordhordland kommunalt oppgåvefelleskap** slik den ligg føre.

148/21: Melding/orientering til kommunestyret 25.11.2021

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Meldinga vert teke til orientering

Alver kommunestyre 25.11.2021:

Handsaming:

Rådmannen sitt framlegg var samrøystes vedteke.

KO- 148/21 Vedtak:

Meldinga er teke til orientering

149/21: Spørsmål/interpellasjonar 25.11.2021

Alver kommunestyre 25.11.2021:

Handsaming:

1. Interpellasjon L.Johnsen-MDG:

Interpellasjon om gjentakande ulovlege inngrep frå næringsaktørar i og nær Mjåtveitvassdraget.

Bakgrunn:

Det overraskande funnet av 120 levande muslingar i Mjåtveitelva i mars i år er no i november stadfesta i ei teljing som viser ein stamme opp mot 400 individ. Under teljinga er det også observert sjøaure, laks og ål i elva. Dette kan ein nok takke vernetiltaka som i (årstal?) blei etablert i samarbeid med Liegruppen. Desse vernetiltaka har likevel vist seg å være underdimensjonert og delvis feilkonstruerte og treng vedlikehald. Ein demning i reinseparken er også kraftig skadd etter trefelling i området.

Dei siste åra har det vore fleire alvorlege forureining- og forureiningstrugande episodar i nedslagsfeltet og i kantsona til Mjåtveitvassdraget. Historia viser at næringsverksemd og utbygging utgjer den største faren for den raudlista elvemuslingen i elva:

- Hogst i kantsona og transport av tømmer over elva og rensedam som skada demning, juni 2018.
- Lekkasje frå ein tank med flytande reingjeringsmiddel frå Mjåtveit næringspark, mars 2019.
- Tilsig av slam og dynamittstøv frå utbygging på Mjåtveitmarka, februar, mars og desember 2019.
- Ulovleg igangsetting av mobil steinknuser på Mjåtveit næringspark, desember 2020.
- Avrenning frå jordmassar siste 16 åra.
- Dumping av sprengingsmattar i avrenningsfeltet til vassdraget, Mjåtveit næringspark, oktober 2021.
- Ulovleg fjerning av kantvegetasjon i vernesona, Frekhaug, 15. nov. 2021.

Mjåtveit Næringspark eit risikoområde, der både store aktørar som Vassbakk og Stol og mindre fast etablert verksemdar har ansvar for forureiningsepisodar. Det er ikkje tillitvekkande at dei opptre som om dei er uvitande om vilkår og regler i området, kloss opp til vernedammene og reinseparken i Kloppedalsbekken, ein viktig gyte og oppvekstbiotop for Mjåtveiteleva.

Nye aktørar, som er ukjente med vernekrava i området, kjem stadig til i parken, og nye, store utbyggingar skal snart starte opp nær Kloppedalsbekken, eit høgrisikoområde for forureining, med vernedammar som er skadde og oppfylte med mudder. Dei fungerte bra som nye - og når aktørane har følgd pålagte vernetiltak. Dei må nå tømmeast, reparerast og oppgraderast for å fungere med den store utbygginga som nå kjem.

Men den aller siste episoden, med fjerning av verna kantvegetasjon ved hovudløpet av Mjåtveitelva på Frekhaug, viser også at andre store aktørar som Mesta, og eit lokalt trefellingsfirma heller ikkje kjenner reglane for aktivitet langs elva.

Mjåtveitelvens forening har varsla mange forureiningsepisodane og meldt ein til politiet. Men nye episodar skjer altså stadig, trass i at statsforvaltar gjentekne gongar har presisert at forureining til vassdraget «ikkje skal skjje».

At kommunen gjer jobben og stoppar ulovleg verksemd, stoppar ikkje at forureining skjer. Stopp og dagmulkt rettar ikkje opp forureininga. Om forureining «ikkje skal skjje» avheng av næringsaktørane og utbyggjarane.

Historia har ikkje bare vist uheldige episodar, men òg at ein kan oppnå mye med god dialog og godt samarbeid, mellom Mjåtveit Næringspark og aktørane der og langs heile Mjåtveitelva, kommune, fylke og Mjåtveitelvens forening, som har status som part i sakene som gjeld Mjåtveitvassdraget.

Vesentlege spørsmål for å verne den nyoppdaga muslingstammen blir derfor:

- Korleis kan næringsverksemdene rundt Mjåtveitvassdraget ta sitt miljø- og naturansvar på

alvor, slutte ulovleg praksis og rette seg etter statsforvaltaren sitt påbod, at «forureining ikkje skal skje»?

- Kva rolle kan Alver kommune ta for å oppnå dette?

Spørsmålet til ordføraren:

- Vil ordføraren ta initiativ til eit samarbeid med næringslivsorganisasjonane i kommunen og aktuelle entreprenørfirma og andre verksemdar med formål å forhindre nye forureiningsepisodar til Mjåtveiteleva frå næringsverksemd og utbygging, slik at «forureining til Mjåtveitvassdraget ikkje skjøn» slik statsforvaltaren krev?

Svar frå ordførar:

Alver kommune har starta eit arbeid med utarbeiding av ein tiltaksplan for Mjåtvetvassdraget som følgje av at det er funne levande elvemuslingar. Den overordna målsettinga med ein tiltaksplan er å sikre elvemuslingbestanden i Mjåtveitvassdraget på kort og lang sikt.

Tiltaksplanen skal rette seg mot faktorar som påverkar vassdraget negativt, innehalde aktuelle tiltak og vidare opplegg for oppfølging av desse.

Inn i arbeidet med utarbeiding av tiltaksplanen vil medverknad frå andre vera viktig. Det vil og bli vurdert om det bør opprettast eit nettverk/fagråd for Mjåtveitvassdraget der ulike interessentar saman med kommunen kan møtast og oppdaterast seg på status for vassdraget, forslag til tiltak og såleis også sikra god informasjonsutveksling.

Alver kommune har og nyleg hatt eit møte med Mjåtveitvassdragets foreining, der tema for møte var utbygging langs elva og korleis ivareta elva.

2. Spørsmål N.Bognøy-AP:

Viser til ordning om tilskot for personar med nedsett funksjonsevne.

Ordninga det gjeld er personar-husstandar der ein har behov for små eller store ombygginger og eller tilpassingar i heimen.

Ein kan lese på Husbanken sine heimesider at ein kan søka om tilskot til profesjonell prosjekteringshjelp i arbeidet med ei ombygging eller tilpassing av bustad.

Dømer på kva prosjekteringsbistand skal kartlegga:

- Muligheter og avgrensingar i bustad
- Uteområder og tilkomst
- Tilgjengelighet inne
- Arealbehov
- Innredning og fungerande tilstand

Dette er noke ein kan søka kommunen om støtte til. Samstundes kan ein og lesa, ref. Husbanken sine sider, at ikkje alle kommunar tilbyr tilskot.

Ein har ei forståing av at dette er ei ordning som er overført frå Husbanken til kommunane.

-Korleis har Alver kommune organisert seg ihh. nemde ordning?

-Kjem event midlar til dette som øyremerka midler, i ramma med eller utan føringar for bruk, eller frå Husbanken?

Svar frå ordførar:

Spørsmål 1, Korleis har Alver kommune organisert seg ihh. nemde ordning?

I Alver kommune kan ein søke tilskot til utgreiing og prosjektering, bustadtilskot og startlån.

Tilskott kan gis når nokon i husstanden har nedsett funksjonsevne og har behov for profesjonell hjelp til utgreiing og prosjektering i forkant av eventuell tilpassing eller ombygging av sin bustad.

Søknadene vert handsama hjå Bustadkontoret i Alver. Bustadkontoret samarbeider med kommunen si drift- og vedlikehaldsavdeling og ergoterapitenestene i tidleg kartleggingsfase når det gjeld bustadtilpassing. På den måten kan ein vurdere tiltak for søkjar i ein heilskap; både kva som er moglege byggetekniske løysingar og kva tiltak som vil gje søkjar ein funksjonell bustad tilpassa sine behov.

Søknadsskjema finn ein på Alver kommune sine nettsider.

Spørsmål 2, Kjem event midlar til dette som øyremerka midler, i ramma med eller utan føringar for bruk, eller frå Husbanken?

Stortinget vedtok å innlemme tilskot til etablering, tilskot til tilpassing og tilskot til utgreiing og prosjektering i kommuneramma frå 2020. Midlane kjem i ein samla pott til Alver kommune. Midlane er altså ikkje øyremerka etter 2020 og kommunen må sjølv sikre at midlane vert avsett i budsjett til desse formåla.

3. Spørsmål A.Aa.Byrknes-KRF:

Behovet for ny gravplass på Lindås er vel kjent, og var ei sak tidl Lindås kyrkjelege fellesråd jobba mykje med.

Alver KF overtok saka, og etter meir klargjering sendte prosjektleiar i Akasia Eiendom søknad til kommunen i juli 2020: om rammeløyve for utviding av gravplass.

Alver Kommune har diverre brukt lang tid på saksbehandlninga. Etter fleire møter fekk AKF i november 2020 avslag på søknaden.

Etter avslaget har Alver KF, i samarbeid med sin prosjektleiar Akasia Eiendom, endra planen i tråd med innvendingane. I juni 2021 sendte dei ny søknad. Det er nå omtrent 5 md siden.

AKF har forsøkt gjentatte gonger å få svar frå kommunen. I oktober 2021 fekk dei eit Teamsmøte, etter det har dei ikkje høyrte noko.

Fellessrådet er motlause, og det begynner å minka på ledige graver på Lindås. Det vil ta om lag 2 år å bygge ny gravplass.

Spørsmål:

Kan ordfører orientere kor saka står i kommunen, og når tid kan AKF få tilbakemelding frå kommunen slik at dei kjem vidare i prosessen som hastar.

Svar frå ordfører:

Det er gjort ei vurdering av at behovet for ny vegtrasé til gravplassen kan løysast gjennom søknad om dispensasjon. I eit møte med Lindås sokn den 18.10.21 kom det fram at dei meiner at det er Alver kommune sitt ansvar å sørge for areal til etablering av ny vegtrasé (grunnavtale) og iverksette søknadsprosess. Arealet for vegtraseen ligg på ein privat eigedom. Kyrkjeleg fellesråd sin daglege leiar har gitt uttrykk for at grunneigar er positiv til å avstå grunn. Før ein avsluttar prosessen med dispensasjonssøknad må ein avklare om grunneigar vil avstå grunn frivillig (dette inkluderer avtale om pris). Dersom grunneigar ikkje vil avstå grunn frivillig, må ein starta prosessen med reguleringsendring som kan gje grunnlag for ekspropriasjon. Kommunen er i prosess i høve nødvendig avklaring.